

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 1

Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gol.

Emne: Ard og plog.

Bygdelag: Öygardane.

Oppskr. av: H. J. Bakken.

Gard: Bakken.

(adresse): Gol.

G.nr. 29

Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja, og samtaler med eldre folk.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Både ard og plog er ibruk i bygda. Arden helst der det er noko brattlendt.

2. Frå gamalt- og framleis, har arden vore brukt til å "bryte opp" åkeren med för såinga og för potetsettinga. Der vart kjört berre ein gong. För brukte dei ogso å mylda ned kornet med arden, - "å milde" kalla dei det. Det vart det slutt med för 40 - 50 år sea. För åkeren vart rulla köyrde dei oftast over ei lett slettharv av tre.

3. Arden blir framleis brukt mykje til potetsetjinga. Dei slår då ikkje opp rader her, men köyrer opp ei for set potetene og köyrer ei for att for å mylda dei ned. Dei set poteter berre i annankvar för for å få passe avstand mellom potetraderne. Som hyppeplog til potetene er det framleis arden som blir mest brukt her.

4. Eg legg ved eit rids av arden som blir brukt her. Han er lett og hendig. Kjenner ingen annan type her i bygda.

5. Det blir brukt vanlege skakler " skökla" til arden (dei same som til harv o.l.) Det heiter "eit sköklepar".

6. Namnet på dei ymse deler av arden er sett på ridset. Baktreet i "sköklo" kallast "nomultre".

7. Forma på ardskjæret "vengsneet" (eitt) har vore lik. Det var för bygdesmedar som laga dei av jern med spids av stål. No blir det mest brukt stöypte vengsne av stål. Arden elles blir vanleg laga av smedar i bygda. Prisen var för 15-20,- kr., no 60 til 70,- kr.

Det var somme som hadde eit smalare vengsne å setja på under hypping. På småbruk har dei mykje brukt ein lett hyppeard til å dra.

8. Det er ingen slags veltefjöl på arden her.

9. Namnet ard blir brukt berre på dette reidskapet.

10. Kor djupt arden skal gå blir regulert slik som på fig. 3 c. ved å stramma opp eller sleppe ned vengsneet.

11. Sjå 4.

12. Sjå 7.

136. Forutan ard brukast no berre moderne fabrikk laga plogar. Tål for 50-60 år sia var det enno ibruk ein og annan av dei gamle heimelaga plogarne. Dei var laga av folk i bygdene her. Nokon pris på plogar frå den tid har det ikkje lukkast å få grei på.

14. Den eldste plogtypen ein kjenner til her var noko i likskap med fig. 11. Veltefjöla var først ei vridt trefjöl med jernbeslag i kanten. Seinare vart dei av jern eller stål. Ila var ogso av tre med jernbeslag.

Desse plogane vart her kalla "Skörreplog" avdi det skulde vore ein frå Skörren eller Skörro (vistnokk frå Flå) som laga dei fleste av dei.

15. Her er ikkje mykje av leire og "kleimejord" som har lett for å henje seg fast på reidskapen, veit difor ikkje om noko serskildt reidskap til å skrape av jord med. Dei sparka gjerne av litt med foten om det trengdest.

16 og 17. Plogen vart helst velta på den motsatte sida av veltefjöla når dei köyrde tomt attende. Somme festa eit lite tre eller klods på den sida til å glida på. Noko serskildt namn på dette har eg ikkje höyrt om.

18. Har berre hört om högreplogar her.

19. Var ingen regulering for djupplöginga på desse plogane.

20. Det var alltid ristill på dei.

21. Ingen kjennskap til slike her.


22. Nei.

23. Er ikkje kjend her.

Nemninga ard eller ahl - med tjukk l var - og er - brukt berre om denne reidskapen. Åsen er-ahlahausen-. Denne nemninga er ikkje brukt om åsen i ein plog, det er - plogåsen. Ordet ard eller ahl er hankjonn i bygdemålet.

/ 4889

Skid fra Gol



1. Hænseen" av god bjørk
2. "fhl" — " —
3. "Stgret" — " —
4. "Lengbne" av Stål
5. Vængemøller på ristiløse

4889